

Tid: Me møter i Hesteskoen laurdag 7. februar kl. 16.00 og avsluttar same plassen søndag 8. februar kl. 13.15.

Påmelding: Seinast onsdag 4. februar kl. 22.00. Turen er gratis for medlemmer. (Dei må sjølve ta med mat, sjå nedanfor.)

Klede: varme og vantette støvlar/sko, ullabbar, ullundertøy, bukser, skjorte/genser, regnklede, lue, vottar, skjerf

Utstyr: Sovepose, liggeunderlag, ekstra lue (til å sova i), ekstra vottar, ekstra ullundertøy, ekstra ullabbar og sokkar, treningsdrakt (til å sova i), tjukk genser lommelykt/hodelykt, speidar-/tollekniv, fat, kopp og bestikk, tannbørste, handduk, avisopapir (til å tørka støvlar), ekstra plastposar, dopapir.

Hugs at småspeidarane skal bera sekken til Jotneberg. Han må ikkje vera for tung, og alt utstyret må *oppi* sekken. Pakk i plastposar oppi sekken, for å holda det tørt. Ha ein bossekk rundt soveposen.

Mat: Småspeidarane tek sjølve med seg mat og drikke for heile turen. Middagsmat må vera enkel å laga på stormkjøken (t.d. nudlar og pølser). Brødmatt må vera ferdig smurt i matpakker, til to måltid. Varm drikke til minst to måltid, t.d. kakao som kan lagast på vatn eller «Rett i koppen». Det er lov å laga varm mat til frukost (t.d. ostesmørbrød eller havregrøt). I tillegg kan dei ta med snop for høgst 20 kr.

Det kan vera lurt å avtala med ein annan på kullet, slik at ein er to som et det same (2-3 personar per stormkjøken). Pga. vekta vil me ikkje at småspeidarane har med brus o.l.; konsentrert saft er greitt.

Foreldre: Som vanleg treng me litt ekstra hjelp for å gjennomføra turen på ein skikkeleg måte. Me treng fire vaksne i tillegg til leiarane til å vera med på heile turen. Dessutan treng me vaksne til å ta seg litt ekstra av dei andreklassingane som er med. Om ikkje kvar einaste andreklassing treng eige fylgje, må i alle fall foreldra avtala seg i mellom slik at det er nokon til å sjå etter dei. Elles er det fritt fram for alle foreldra å vera med.

Førebels veit me at Berit (mor til Anders), og Øystein og Morten (som plar hjelpa på utemøta) skal vera med. Dei foreldra som skal vera med, må gje melding om dei har eige telt å ta med eller ei.

Vel møtt
Kjer,i og Han• Georg